



# STRYN KOMMUNE

## Helse- og sosialetaten

Vår ref.  
15/1338-4/K1-033//BEW

Dykkar ref.

Dato:  
02.03.2016

### Årsrapport 2015- råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i Stryn kommune, er etablert som ei fast ordning etter utprøving i valperioden 2007 – 2011.

Helse-og sosialsjefen er sekretær for rådet.

Rådet har slik samansetnad i valperioden 2011-2015:

Medlem	Reprenter	Vara
Harald Ekroll (leiar)	Alderspensionistar	For alderspensionistane: 1. Marta Myhr Brekke 2. Ida Marie Nesje
S.K.J. Nesdal	Alderspensionistar	
Olina Sunde	Alderspensionistar	
Karin Aaning ( nestleiar)	Revmatikarforbundet	Gunnhild Fjellvang
Trude Fløtre	NFU	-
Sivert Sande	NLF	Gerd Veum
Henny Koppen	politikar	Odd Kåre Hjelmeland

Trude Fløtre har ikkje møtt.

Etter kommunevalet hausten 2015 vart samansetnaden av rådet for perioden november 2015-november 2019 slik:

Medlem	Reprenter	Vara
Harald Ekroll (leiar)	Alderspensionistar	For alderspensionistane: 1. Jon Hole 2. Inger Sørdal 3. Astrid Fure
Dagmar Nesdal	Alderspensionistar	
Helma Krumsvik	Alderspensionistar	
Karin Aaning ( nestleiar)	Revmatikarforbundet	Berit Lundevall
Ragnhild Liv Lunde	Organ. for hørselshemma	Sigrunn Berge Raae (Mental Helse)
Sivert Sande	politikar	Gerd Veum
Astrid Hoffart	politikar	Inge Arne Bøe

Rådet for perioden 2011-2015 hadde 3 møte og det nye rådet hadde 1 møte i 2015.

Møteboka syner handsaming av 18 saker, men på kvart møte er ei fellessak som kan omfatte mange tema med uttale eller vedtak. Dette dreier seg om 37 saker / tema slik at sum på saker / orienteringar totalt kjem opp i 51.

Saklister og saksutgreiingar (off. saker) til alle politiske organ i kommunen, ligg tilgjengeleg på heimesida slik at rådsmedlem sjølv kan finne fram til alt av interesse, i tillegg til dei sakene dei får oversendt for handsaming.

Postadresse/besøksadresse:  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

Saker som rådet har handsama i 2015:

Nr	Tema	Kva som er gjort
1	Orienteringar om aktuelle saker innafor kommuneorganisasjonen / helse-og sosialsektoren	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rettigheitsfesting av BPA (brukarstyrt personleg assistanse)</li> <li>• Søknad frå Olden helsetun om tilskot til Aktivitetssenter for eldre i Olden.</li> <li>• Maksimalt vederlag 2015 for opphald i institusjon</li> <li>• Innføring av kjernejournal frå 01.03.15</li> <li>• ME-konferanse i kulturhuset v/ lokal støttegruppe</li> <li>• To statusorienteringar for utbygging av Stryn omsorgssenter</li> <li>• Synfaring- nybygg Stryn omsorgssenter</li> <li>• Prosjekt: Det store heiltidsvalet</li> <li>• Rapport : System for brukarundersøkingar i Stryn kommune</li> <li>• Bruk av Moodsbussen</li> <li>• Frisklivssentralen i Stryn</li> <li>• Velferdsteknologi</li> <li>• Rapport frå brukarundersøking 2014 blant heimebuande utviklingshemma og deira pårørande</li> </ul>
2	Orienteringar om andre kommunale tema	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet med revidering av samfunnsdel av kommuneplanen</li> <li>• Arbeidet med kommunedelplan for sentrumsområdet</li> <li>• Arbeidet med reguleringsplanar</li> <li>• Arbeidet med trafikktryggleik</li> <li>• Gjennomgang av kommunen sine vedtekter for rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne</li> </ul>
3	Orienteringar om anna	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høyringsnotat: Samarbeid mellom helse-og omsorgstenestene og utdanningssektoren om barn med habiliteringsbehov.</li> <li>• Årsmelding 2014 – Pasient og brukarombodet</li> <li>• Presentasjon av nytt tilbod : Gym Stryn (inkl. seniortrim)</li> <li>• Folkehelsemeldinga</li> <li>• Primærhelsemeldinga</li> <li>• Orientering om saker i fylkeseldrerådet</li> <li>• Verksemdsmessig utviklingsplan for Helse Førde 2015-2030</li> <li>• Årsrapport 2014 Fylkesrådet for personar med nedsett funksjonsevne</li> <li>• Høyringsframlegg: Forskrift om styringssystem for helse-og omsorgstenesta</li> <li>• Høyringsframlegg- lovendring i helse-og omsorgstenestelova for styrka pårørandestøtte</li> <li>• Høyringsframlegg: Rett til opphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagd for heil døgns tenester</li> </ul>
4	Samhandlingsreforma	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategiplan for velferdsteknologi – felles for Nordfjordkommunane</li> <li>• Svar til Postpensjonistane om Samhandlingsreforma og utviklinga i kommunen</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Handsaming av 3 nye samarbeidsavtaler mellom kommunen og Helse Førde</li> </ul>
<b>Nr</b>	<b>Tema</b>	
6	Kommunedelplanar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspel til Rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan</li> </ul>
	Ny valperiode	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Initiativ for å få fleire repr. frå organisasjonar for funksjonshemma i nytt råd etter valet</li> </ul>
8	Universell utforming	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging – Fritid for alle</li> </ul>
9	Årsrapportar m.m.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrapport 2014 for rådet</li> <li>• Årsrapport 2014 – helse-og sosialsektoren</li> </ul>
10	Budsjett og økonomiplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Budsjettregulering 2015 for helse/sosial- knytt til ekstra kostnader og endra brukarbehov</li> <li>• Innspel til arbeidet med nytt budsjett og økonomiplan</li> <li>• Uttale til diverse betalingssatsar 2016</li> <li>• Uttale til framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan</li> </ul>
11	Diverse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Uttale til utbygging av 9 omsorgsbustader for funksjonshemma i Stryn sentrum</li> </ul>

Rådet har også i 2015 hatt mange viktige saker å ta stilling til / og uttale seg om i året som gjekk og har gjeve sine bidrag til den politiske avgjerdsprosessen.

Rådet føl godt med på saker og utfordringar innafor helse-og sosialsektoren og kjem med formeiningar og innspel når det er aktuelt.

Dei set til ein viss grad saker på dagsorden sjølv. Rådet er aktive med å gje innspel og uttale til kommunale planar som er under arbeid.

Rådet er godt orientert om aktuelle sakar og høyringar som kjem frå sentrale mynde og som gjeld helse-og omsorg.

Rådet set pris på at ordførar, rådmann og ulike kommunale leiarar set at tid til å møte rådet for orientering og diskusjon ca ein gong kvar pr. år.

Rådet ser stor verdi i dialogen med dei som har innverknad på saksfelt som er viktige for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Det er framleis forbettringspotensiale når det gjeld oversending av sakar eller invitasjon til rådet om engasjement frå andre enn teknisk sektor (reguleringsplanar), plan og næring (kommunedelplanar) og helse-og sosialsektoren.

Rådet sine medlem har inntrykk av at rådet sine innspel og meiningar vert teke lite omsyn til når det vert gjort vedtak i kommunale organ.